

Referat frå styremøte nr. 3-2020

Dato: 31.03.20

Tid: Kl. 14.00-15.00

Stad: Telefonmøte

Til stades frå styret i SR:

Styreleiar Jan Ove Tryggestad (ordførar i Stranda kommune)

Nestleiar Vebjørn Krogsæter (varaordførar i Ålesund kommune)

Styremedlem Eva Vinje Aurdal (ordførar i Ålesund kommune)

Styremedlem Dag Olav Tennfjord (politikar i Ålesund kommune)

Styremedlem Eva Hove (ordførar i Fjord kommune)

Styremedlem Synnøve Vasstrand Synnes (kommunalsjef i Ålesund kommune)

Styremedlem Andreas Chr. Nørve (ass. rådmann i Herøy kommune)

Frå administrasjonen i SR:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Rådgivar Vegard Austnes

Referent:

Vegard Austnes

Sak 11/2020: Velkomen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt

Ved styreleiar i SR Jan Ove Tryggestad

Styret godkjende møteinnkallinga. Det var ingen saker til eventuelt.

Sak 12/2020: Godkjenning av referat frå styremøte nr. 1-2020 (14.-15. januar) og nr. 2-2020 (25. februar) Ved styreleiar i SR Jan Ove Tryggestad

Styret godkjende referata.

Sak 13/2020: Kva kan Sunnmøre Regionråd bidra med overfor deltakarkommunane i koronakrisa?

Ved dagleg i SR Jan Kåre Aurdal

Dagleg leiar i SR orienterte om at han hadde vore i kontakt med ordførar/rådmann i fleire av deltakarkommunane for å høyre korleis dei opplever situasjonen med koronakrisa, og for å få innspel på kva Sunnmøre Regionråd eventuelt kan bidra med for å hjelpe.

Tilbakemeldingane var m.a. at ein er bekymra for økonomien i næringslivet, i alt frå små bedrifter til store verksemder innan t.d. maritim næring.

Det kom innspel frå styret om at små bedrifter kan trenge hjelp til å orientere seg om tiltak. Kommunane bør kartlegge utfordringar i eigen kommune.

Styret bad dagleg leiar følgje med på utviklinga vidare, og saman med styret vurdere kor regionrådet skal setje inn ressursane sine. Det vart kommentert at dersom SR skal ha ei rolle må ein følgje veldig godt med og søkje støtte hos ekspertar.

Styret beslutta å invitere alle ordførarane i deltakarkommunane til eit videomøte rett over påske for å få fleire innspel om situasjonen i kommunane og behova for tiltak. Dette som grunnlag for å velje ut eit nokre prioriterte område som ein kan ta opp med t.d. Mørebenken på Stortinget.

Sak 14/2020: Oppmoding frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal til kommunane om strengare innreise og karantenereglar enn elles i landet. Korleis skal vi forholde oss til dette? Kva meiner styret? Ved styreleiar i SR Jan Ove Tryggestad

Regjeringa har nyleg sagt at det ikkje er behov for eigne lokale karantenereglar, gitt dei strenge tiltaka som er sett i verk nasjonalt. Dei anbefalar difor kommunane ikkje å innføre eigne generelle reglar om karantene eller restriksjonar.

Karantenereglane i kommunane på Sunnmøre er no samordna med dei nasjonale.

Sak 15/2020: Bypakken for Ålesund

Ved dagleg i SR Jan Kåre Aurdal

Dagleg leiar i SR orienterte om dialogen med Tore Johan Øvstebø (leiar av styringsgruppa for bypakken for Ålesund) og Kjetil Strand (Statens Vegvesen)

Statens Vegvesen har no sendt bypakken over til Samferdselsdepartementet, som vil gå ut med informasjon i høve til kva som skal skje vidare med bypakken.

Sak 16/2020: Helseplattformen: Kan Sunnmøre Regionråd gjere noko for å prøve å oppnå statleg subsidiering av kommunane sine kostnader til Helseplattformen, t.d. drøfte dette med Mørebenken på Stortinget? Ved styreleiar i SR Jan Ove Tryggestad

Styremedlem i SR, kommunalsjef i Ålesund kommune Synnøve Vasstrand Synnes, orienterte. Ho er medlem i Samarbeidsrådet for opsjonskommunar.

Helseplattformen er eigd av Helse Midt-Norge HF og Trondheim kommune. Opsjonskommunane er spente på prislappen for å kjøpe seg inn i løysinga. Det har vore anslått 300 kroner per innbyggjar, noko som for Ålesund kommune sin del utgjer ca. 20 millionar kroner i året.

Styret konkluderte med at Sunnmøre Regionråd vil følgje opp saka politisk overfor Mørebenken. Det var vidare forslag om å få til eit videomøte med stortingspolitikarar frå heile Midt-Norge for å drøfte Helseplattformen og finansieringa av den.

Styret bad administrasjonen om å lage ein plan for ei felles sak om Helseplattformen i lag med dei andre regionråda i Møre og Romsdal.

Sak 17/2020: Uttale frå Orkide (Nordmøre Regionråd) om rehabiliteringsprosjektet

Ved dagleg leiar i SR Jan Kåre Aurdal

Jf. sak 10/2020 på representantskapsmøte nr. 1-2020 i SR beslutta representantskapet at uttalen frå Orkide (Nordmøre Regionråd) skulle handsamast i styret i Sunnmøre Regionråd.

Styret bad administrasjonen lage eit forslag til uttale frå styret i saka, og sende over til styret på e-post for vidare handsaming.

Sak 18/2020: Framtidig organisering av regionrådet

Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad

Vedtaket i representantskapet sak 7/2020 på representantskapsmøte nr. 1-2020 var:

Vedtak: «Representantskapet i Sunnmøre Regionråd ber styret førebu ei sak der det vert gjennomført ei evaluering og utarbeide framlegg til kva organisasjonsform som best kan sikre politiske gjennomslag, effektiv drift, demokratisk styring og samarbeid med næringslivet og frivillig sektor.

Representantskapet ber styret legge fram ei innstilling for representantskapet til behandling seinast juni 2020.»

Styret beslutta å handsame denne saka i eit nytt styremøte 7. april 2020.

Med venleg helsing

Styreleiar
Jan Ove Tryggestad

Dagleg leiar
Jan Kåre Aurdal

Kopi:

1. vara ordførarar Geir Inge Lien (ordførar i Vestnes kommune)
 2. vara ordførarar Harry Valderhaug (ordførar i Giske kommune)
- Vara rådmenn Bente Glomset Vikhagen (ass. rådmann i Ålesund kommune)